

Tilbygg og lettare tilkomst til lagshytta Fjelly.

27.09.2020



Dugnadsgruppa og hyttestyret har utført eit flott arbeid med tilbygget på Fjelly.

**Arbeidet med tilbygg til lagshytta Fjelly er godt synleg. Ramma, reiseverket og taket er på plass. Bordkledning og golv er det neste. Tilbygget skal brukast til lagring av ved og anna naudsynt utstyr. Stien frå Hauglandsfjellet og ned til Mannsvatn er lagt litt om og utbetra på det våtaste plassane. Dugnadsgruppa og hyttestyre har stått for arbeidet.**

Uskedalen.no har før skrive om dugnadsgruppa sitt arbeid med utbetring av stien ned lia. No er stien godt synleg, lagt om på plassen der det var våtaste og ofte lett å ta feil. Traseen er merka med rauda punkt på steinar og på merkestavar.

Arbeidet med leskuret på hytta er eit delt arbeid mellom dugnadsgruppa og hyttestyret. Dugnadsgruppa har gjort alt arbeidet i grunnen, mellom anna med steinbukk. Hyttestyret reiser og gjer tilbygget ferdig. Det er brukt helikopter for å få på plass materialane



Stien ned lia til Mannsvatn er lagt litt, drenerert og merka.

Med dette tiltaket vert hytta Fjelly meir attraktiv og brukarvenleg.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal



Lagshytta Fjelly ligg vakkert til ved Mannsvatnet. Eit tilbygg gjer at hytta vert meir attraktiv.